



*Mon tru om det kjem snø i vinter...*

Foto: Nono Dimby

## Planlagde arrangement i 2016

Dato	Tema	Målgruppe	Sted	Kontaktpers.
12. jan.	Tilskotssamling landbruk	Landbruksforvaltning	Statens Hus	Sissel C. Endresen
2. mars	Landbrukskonferansen	Landbruksforvaltning, politikarar og andre	Clarion Hotel Energy, Stvg.	Sissel C. Endresen
Mars	4 desentraliserte SMIL-samlingar	Landbruksforvaltning	Vertskommunar	Nono Dimby

## Tilsetjingar og permisjonar

### **Elisabeth Schmidt**

blei tilsett som skogbruksrådgivar hjå Fylkesmannen i Rogaland i desember 2015. Ho har tidlegare studert biologi ved Universitetet i Oslo og på Svalbard, - og fullførte mastergrad i skogfag ved NMBU våren 2015,. Ho har arbeidd som forskingsassistent og har vore praktikant i miljøstiftelsen ZERO. Hun kjem frå Horten i Vestfold.

E-post : [fmroesc@fylkesmannen.no](mailto:fmroesc@fylkesmannen.no)

Telefon/mobil : 51 56 87 84 / 452 76 706



### **Aart Magnussen**

har fått eitt års permisjon frå Fylkesmannen frå nyttår av. Han går inn i fast jobb hjå Innovasjon Norge. Aart sine arbeidsoppgåver i permisjonstida blir fordelt på dei tilsette i landbruksavdelinga.





## Leinga har ordet

### Alt går så det suser?

Hadle Nevøy



**Kor ofte har vi ikkje høyrte at alt går så det suser i Rogaland, og då i positiv meining. Etter det første oljefunnet i Nordsjøen, heilt på tampen av 60-talet, etablerte internasjonale oljefirma seg raskt i vår region. Utviklinga kjenner dei fleste av oss, og det har vore Klondikeliknande tilstander her i regionen fram til for kort tid sidan.**

Eg har ikkje tenkt å nytte denne artikkelen til å skrive om oljenæringa, men det positivt lada omgrepet «*det går så det suser*» har også jamt vore nytta i omtalen av landbruket, spesielt om jordbruket, i fylket vårt.

Ja, det er grunn til å vere stolte av at jordbruket har klart å halde stand, og utvikla seg kraftig, i ein periode der olje- og gassindustri har lokka til seg mykje god arbeidskraft. Veksten i desse næringane har i tillegg ført til stor folketilflytting til regionen vår, og dermed til topp aktivitet og stor etterspurnad etter arbeidskraft i alle typar bygge- og anleggsverksemdar.

Hovudrefleksjonen er altså om det går så det suser i landbruket i Rogaland. Det einaste som er sikkert er at eit klart JA er like galt som eit tilsvarende NEI. Eg meiner det blir heilt feil å meine noko om det går så det suser eller ei, utan å ha avklart kva vi har som mål for landbruket, og dermed eit grunnlag for å seie noko om utviklinga går i rett retning eller ikkje.

Landbruket er ei politisk næring, og politikarane har stilt opp fleire mål som landbruket skal bidra til. På nokre av desse målområda er det lettare å måle resultatata enn på andre.

Matproduksjon, meir mat, oppfattar dei fleste av oss som eit klart uttrykt politisk mål. Dette er isolert sett eit målpunkt der resultatet er rimeleg oversiktleg å måle, vil nok dei fleste meine. Men, er det så enkelt? Er det uinteressant å tenkje noko om at kva slags mat vi produserer, kva innsatsfaktorar som blir brukt til matproduksjonen, og korleis maten blir produsert? Eg oppfattar at store forbrukargrupper, kanskje veksande, er sterkt opptatte av slike spørsmål.

Landbruks- og matdepartementet omtaler mål som; *produsere og sikre tilgang til maten forbrukarane etterspør, trygg mat, god dyre- og plantehelse, dyrevelferd, balansert geografisk utvikling, sterkt og effektivt landbruk, lønsam utnytting av gardens samla ressursar, berekraftig bruk av og vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag*, bare for å nemne nokre av måla frå LMD sin målstruktur.

Rogaland er eit grasfylke der husdyrbasert matproduksjon, mjølk, kjøt og egg, dominerer. Då har eg sjølv sagt ikkje gløymt at vi også står for størstedelen av innanlands produksjon av veksthusgrønsaker og ein ikkje uvesentleg del av frilandsgrønsakene.

Dyra kan sjølv hauste gras som veks på stader som er lite tilgjengelige for maskinell hausting. Grasavlingane er høge og rimeleg årssikre. I store delar av fylket er det i realiteten ikkje naturgitte vilkår for anna enn grasproduksjon på eng og innmarksbeite. I tillegg kjem ressursgrunnlaget i utmarksbeita.

- Suser utviklinga mot ei betre utnytting av grasressursane i produksjon av den maten bøndene i fylket leverer til forbrukarane, eller suser ho bort frå matproduksjon tufta på dette ressursgrunnlaget? Eg tenkjer dei fleste vi seie nei til det først og ja til det siste spørsmålet.
- Suser utviklinga i retning av balansert geografisk spreiding, berekraftig bruk av og vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag, sikker tilgang til maten forbrukarane etterspør, sterkt og effektivt landbruk mv., eller går ho snarare i motsett retning?

Vi har over fleire år vore vitne til at alle husdyrproduksjonane, kanskje med unntak for sauehaldet, har blitt meir og meir sentralisert. I tillegg har driftsiningane blitt monaleg større år for år.

Vi ser ikkje ei balansert geografisk utvikling, heller ikkje berekraftig bruk av ressursgrunnlaget, eller ei utvikling i retning eit sterkt og effektivt landbruk. Politisk vilja strukturendring og endra driftsmåtar har ført til auka kraftfôrbruk i mjølkeproduksjonen og følgjeleg dårlegare utnytting av beiteressursane.

Produksjonsomfanget på svært mange gardsbruk har vekse ut over det arealgrunnlaget bruket har til grovfôrdyrking og som spreieareal for husdyrgjødsel. Kjøp/leige av areal i til dels i stor avstand frå driftssenteret har vore løysinga for mange. Mjølkerobot i fjøs plassert i stor avstand til tilgjengelege beiteareal forsterkar den synlege utviklinga av å erstatte bortfall av fôropptak frå beite med meir bruk av kraftfôr.

Det må vere lov å spørje om auka import av korn og andre fôrmiddel, som soya, mais mv. til produksjon av kraftfôr bidrar til at matforsyninga blir like sikker som ho kunne vore om ein større del av matbruken vår var tufta på eige ressursgrunnlag.

Er det produkt, der importerte fôrmiddel står for heile eller ein sterkt aukande del av det dyra et, forbrukarane helst vil ha? Kva veit vi om det? Skal vi halde oss til kva dei svarer om dei blir spurde, eller skal vi sjå kva dei fyller handlekorga si med?

Slik kunne vi tatt for oss fleire av målområda. På skogområdet kjem vi i år til å oppleve rekordstor avverking. Det er flott resultat og uttrykk for god aktivitet. Men, kven sit igjen med verdiskapinga frå den skogen som blir hogd, skogeigarane, entreprenørane eller tømmerkjøparane? Tek eg mykje feil om eg tenkjer at skogeigaren er taparen?

Ja, ja tenkjer du sikkert. Alt dette og meir til har eg høyrte og lese mange gonger før. Nok eit bidrag frå ein småsur grinebitar.

Nei, eg er ikkje sur. Eg prøver heller å gi eit lite bidrag til refleksjon over korleis vi sjølv og samfunnet elles ser på utvikling. Vi har mykje


kunnskap om korleis ting heng saman, men mange vel å sjå vekk frå det samansette biletet, i sær når dei skal fortelje oss andre kor vellukka alt fungerer.

Eg tenkjer at vi må bli flinkare til å utfordre til heilskapsvurderingar, og ikkje la dei som meistrar den enkle retorikken få setje dagsorden heile tida.

Vi nærmar oss slutten av eit år, eit år som har vore spesielt, kanskje meir spesielt enn på lenge. Eit rimeleg godt jordbruksår trass i ein heller blaut og dermed sein vår. På andre samfunnsområde har året vore meir krevjande. Mange har opplevd å miste arbeid, med dei vanskanane og uvissa det fører med seg for heile familiane.

Det mest spesielle i år er likevel det at så mange er på flukt frå krig, forfølging og naud, og kjem den lange vegen til landet vårt for å finne tryggleik i håp om eit betre liv. Våre heimlege utfordringar og problem blir små samanlikna med dei påkjenningane desse personane opplever.

La oss ta tid til å tenkje på desse også i den tida vi nå går inn i.





## Går det mot Noregs desidert største landbrukskommune på Jæren?

Nå kan det vere tid for ei lita oppdatering på kva som skjer når det gjeld kommunereforma, ei viktig reform også for dokker som til dagleg arbeider med landbrukssaker i kommunen.

Vi kunne alle registrere at kommunestruktur var eit viktig tema i valdebatten, og relativt mange kommunar har nå fått ny ordførar. Arbeidet med reforma har no teke seg opp igjen, og vi kan m.a. sjå at kommunane Klepp, Time og Hå er i god dialog om å danne nye Jæren kommune. Dette vil i så fall bli Noregs desidert største landbrukskommune, og det er interessant å sjå at dette blir løfta fram av ordførarar.

Kommunereforma har undervegs utvikla seg til å bli ei forvaltningsreform som gjeld alle ledd i forvaltninga, både når det gjeld oppgåver og struktur. Alle fylkeskommunar har i juli fått i oppdrag å ta ein nabopratt om ny struktur, og skal levere tilbakemelding innan utgangen av 2016. Regjeringa har samstundes sett i gang eit arbeid for å sjå på struktur og oppgåveportefølje for fylkesmannen. Her er landbruksoppgåvene blitt eit særleg aktuelt tema, noko som m.a. kom fram når Stortinget behandla oppgåvemeldinga i juni.

For å sitere statssekretær *Paul Chaffey* frå ei samling den 19. november: «*Dette er ikke en kampanje, forvaltningsreformen vil fortsette*».


Kommunereforma går nå inn i sin avsluttande fase. Alle kommunar skal gjere sine endelege vedtak innan 1. juli 2016. Dei kommunar som vel å gå for eit 0-alternativ, må utgreie dette i lys av måla for reforma. Vi hos Fylkesmannen skal hausten neste år gjere vår sjølvstendige vurdering av heilskapen i regionen, og gi vår tilråding til departementet. Fristen for vår tilråding er framskynda til 1. oktober 2016.

Kommuneøkonomi er eit sentralt tema i denne prosessen, og dette er forsterka gjennom nedgang i skatteinntekter og flyktningssituasjonen. Regjeringa skal før jul legge fram forslag til nytt inntektssystem for kommunane, og dette blir nok sentralt for korleis vi skal organisere oss i framtida.

Mitt inntrykk som prosessrettleiar er at det er ein slags «*kamp om virkelighetsforståelsen*» når det gjeld korleis kommunane ser på det å takle utfordringane i framtida, dette gjeld også på landbruksområdet. Vi må nok alle bu oss på endringar for å møte morgondagens utfordringar, endringar både når det gjeld struktur og oppgåver. Og dette kan fort gå godt!

For meir informasjon om reforma kan du gå inn på [vår nettside](#).

*Anfinn Rosnes, prosessrådgivar*



## Informere søkjarar godt om å få med alle opplysningar!

*Linn Borsheim*

Presiseringa frå Landbruksdirektoratet om korleis utegløynte opplysningar skal handterast, gir behov for god informasjon ut til søkjarane. Vi vil derfor minne kommunane om å informere godt ut til søkjarane fram mot søknadsomgangen i januar 2016.

Som kjent har Landbruksdirektoratet nyleg presisert at påføring av utegløynte opplysningar skal sjåast på som innsending av ny søknad. Søkjar skal sjølv føre opp alle nødvendige opplysningar på søknaden. Dette er det svært viktig å gjere søkjarane merksame på, slik at dei er godt førebudd når søknadsfristen i januar kjem.

Vi har lagt ut ein sak om dette på vår nettside, men dokker i kommunane sit nærast søkjar og kan best nå søkjarane med informasjon.

Det er fyrste gong søkjarane skal søkje om avløysartilskot etter ny forskrift no i januar 2016. Eit sentralt punkt her er at alle føretak må kunne dokumentere sine avløysarutgifter. Kva utgifter som kan dekkjast som avløysing ferie og fritid er utdjupa i utsendt brev frå Landbruksdirektoratet. Er det likevel noko som er uklårt, kontakt oss slik at vi kan forsøke å avklare problemstillingar etterkvart som dei dukkar opp.





## Dekk og Diesel


Aart Magnussen

Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) har utført ein analyse av køyrekostnader i mjølkeproduksjon som viser kor mykje «*Dekk og Diesel-landbruket*» kostar bonden.

I prosjektet blei 35 mjølkebruk i Klepp, - og 15 i Kvinnherad kommune analysert.

Tabellen visar at Kleppbonden har meir transport av gjødsel og rundballar, medan bonden i Kvinnherad køyrer fleire kilometer.

Snittstal for ulike parametrar	Klepp	Kvinnherad
Transport av gjødsel (m <sup>3</sup> )	1 810	1 280
Tal køyreturar med gjødsel	150	160
Avstand køyring av gjødsel (km)	520	930
Tal rundballar som transporterast	1 470	640
Tal køyreturar med rundballar	180	80
Avstand køyring av rundballar (km)	670	470
Køyning totalt (km)	1 190	1 400



### Køyrekostnadane per km er ganske like for bygdene

I Klepp er prisen for å køyre ein kilometer med traktor 19,63 kr mot 18,39 kr/km i Kvinnherad. Dette skuldast at Klepp har høgare kapasitet (12 tonn) på gjødselvogner enn Kvinnherad (7 tonn).

Tilhengarane er like store og tar 8 rundballar à 0,8 tonn. Transport av gjødsel kostar 29,77 kr/km i Klepp, og kr 24,84 i Kvinnherad.


Prisen for transport av grovfôr er kr 22,85 per km i Klepp, mot kr 21,61 per km i Kvinnherad.

### Køyrekostnadene basert på utstyr med ulik kapasitet

Kleppbonden betalar 2,48 kr/km for transport av 1 tonn med gjødsel, og 3,57 kr/km for eitt T med grovfôr. I Kvinnherad er tala høvesvis kr. 3,55 og kr. 3,38/km/tonn.

Det er godt rom for å redusera køyrekostnadene ved ein betre plassering av areala. Da treng ikkje bøndene å køyre langt for å drifte areala sine.

NIBIO har i sin rapport om kjørekostnader i mjølkeproduksjon og sett på korleis kostnadsnivået utviklar seg med ulike leigeprisar og kjøreavstandar.



### Tabellen viser totalkostnaden for ein bonde på Klepp som bruker 50 dekar leigejord

Kostnadane varierer etter avstand frå driftssenteret og leigepris pr. daa.

Det kostar kr 41 748 i året å drive eit leigd areal 10 km unna hovudbruket viss leigeprisen er kr 400 per dekar. Kr 20 000 går til jordleige, og kr 21 748 til kjøring. Her lønner det seg å betale kr 700 dekar for leigejord som ligg 2 til 3 kilometer frå driftssenteret. Alternativt er det meir lønsamt å betale kr 600 per dekar for jord som ligg inntil 5 km unna, eller kr 500 per dekar for jord som ligg inntil 7 km frå driftssenteret.

Samla kostnad for kjøring og leigejord, etter avstand i kilometer							
50 dekar leigd jord	Avstand i kilometer (km), ein veg						
	2 km	3 km	4 km	5 km	7 km	8 km	10 km
Kostnad <sup>1)</sup> , tur-retur	104	155	207	259	362	414	518
Tal turar	42	42	42	42	42	42	42
Kostnad totalt for kjøring	4350	6524	8699	10874	15223	17398	21748
Samla kostnad for kjøring og leigejord							
Leigepris							
kr 400 per dekar	24350	26524	28699	30874	35223	37398	<b>41748</b>
kr 500 per dekar	29350	31524	33699	35874	40223	42398	46748
kr 600 per dekar	34350	36524	38699	40874	45223	47398	51748
kr 700 per dekar	39350	41524	43699	45874	50223	52398	56748

1) Kr 25,89 per kilometer (gjennomsnitt frå bygda i Klepp)

Sjølv om desse tala er basert på visse føresetnader, vil auka køyring føre til større kostnader. Kombinasjonen av jordleigepris og køyrekostnader må/bør bonden ta med i vurderingar ved leige av meir areal.

[Last ned rapporten frå Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider.](#)





## Spesielle miljøtiltak i Jordbruket 2015 (SMIL)

Nono Dimby

Rogaland fekk tildelt 8,5 mill. kr i SMIL-midlar i 2015. Med ubrukne midlar frå 2014 og inndregne midlar i 2015 hadde Rogaland 11,454 mill. kr til disposisjon for 2015.

Unytt SMIL-midlar i kommunane blei i haust omfordelt til 9 kommunar som trengte meir SMIL-midlar. Kommunar som har hatt god aktivitet på tiltak mot ureining blei prioriterte.

**Løyvingar til kulturlandskapstiltak** har mellom anna gått til skjøtselstiltak for biologisk mangfald (16,9 %) med skjøtsel av kystlynghei spesielt i fokus. 17,2 % har gått til tilrettelegging for allmenn ferdsel, - og 23,8 % er løyvd til restaurering av bygningar.

### Løyvingar til ureiningstiltak

Fylkesmannen er godt nøgd med kommunane sin innsats mot ureining i 2015. Auken frå 9,8% i 2014 til 27,6% i 2015 er bra! Samordna tilrettelegging mot ureining har motivert mange bønder til innsats langs heile vassdrag. For fyste gong i Rogaland er det løyvd SMIL-midlar til gjenvinning av gjødslingvatn i veksthus.

### Planlegging- og tilretteleggingstiltak (7 saker)

I 2015 har samordna planlegging av ureiningstiltak på tvers av grunneigedomar vore i fokus (Sandnes, Klepp og Finnøy). Grunneigarar som er omfatta av desse tiltaksplanane er prioriterte søkjarar på SMIL-midlar på målretta tiltak på eigen eigedom i 2016

Døme på tiltaksplanar i 2015 som går på tvers av grunneigedomar er:

- heilskapleg plan for ureiningstiltak på gardsnivå og på tvers av eigedomar langs Storåna i Sandnes kommune.
- tiltaksplan mot diffus avrenning på innmark og på tvers av eigedomar i Finnøy kommune.



## Tilskot til drenering

Nono Dimby

Trass jamn aktivitet på drenering og stort dreneringsbehov i Rogaland, er bøndene tilbakehaldne på å søke på dreneringstilskot. Følgjeleg blei ikkje dreneringsmidlane i Rogaland brukt opp i 2015.

Landbruksnæringa signaliserer at tilskotet til drenering er så lågt, målt opp mot dei totale kostnadane ved drenering, at dei let vere å søkje. Av 26 kommunar i Rogaland løyvde 18 tilskot til drenering i 2015. Dei mest aktive kommunane er *Hå, Time, Vindafjord, Tysvær, Karmøy, Klepp, Lund, Klepp og Sola.*



Tiltak	Løyvd pr. 26.11.15	Forventa løyvd 2015	Budsjett 2016
Systematisk grøfting	1 268 000	1 320 000	4 000 000
Omgraving / profilering	6 000	10 000	100 000
Avskjæringsgrøftar	38 000	50 000	200 000
Anna grøfting	104 000	120 000	700 000
<b>Sum</b>	<b>1 416 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>5 000 000</b>



### SMIL-strategiar

I 2015 oppmoda Fylkesmannen kommunane til å prioritere arbeid med å oppdatere sine SMIL-strategiar. Frå 2016 stiller Fylkesmannen krav om at ein politisk godkjend kommunale 4-årig SMIL-strategi må ligge til grunn for alle vedtak på løyvingar av SMIL-midlar.

### Fylkesmannen nytta friluftslivets år til å informere breitt om 25 år med gjerdeklyvarar

i landbrukets kulturlandskap støtta med offentlege midlar. Nettverket av tilrettelagte turstiar på inn- og utmark i heile Rogaland er eit resultat av eit godt og vellukka samarbeid mellom aktive bønder og kommunar. Det er løyvd totalt kr 186 000,- til gjerdeklyvarar i 2015.

Frå 2016 vil hundeporatar berekna på utplassering langs turstiar vere eit supplement til ordninga med gjerdeklyvarar.

**Minner om at fristen for årsrapport 2015 og budsjett 2016 for SMIL- og drenering er den 15.01.2016**



# Spreieareal på innmarksbeite

Monica Dahlmo

**Bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite sikrar god plantevekst, og er i hovudsak fornuftig bruk av ein viktig ressurs. Det er samstundes viktig å vere klar over at kommunen må godkjenne beita. Utan godkjenning tel ikkje beita som spreieareal.**

## Godkjenning av beite etter søknad

Stor husdyrproduksjon i fylket aukar behovet for at bonden og forvaltninga har god oversikt over areal som kan nyttast til å spreie husdyrgjødsel på. Bonden kan etter søknad få godkjent innmarksbeite som spreieareal. Kommunen skal dra på synfaring og vurdere området. På synfaringa skal de sjå på:

- Er dette eit innmarksbeite etter krava i AR5-detaljert arealressurskart?
- Er beitet i produksjon og blir tilstrekkeleg avbeita?
- Kor mykje stein og anna uproduktivt areal er det i prosent av totalarealet?
- Korleis er tilkomsten til arealet med spreieutstyr? Må spreinga skje frå veg?
- Grenser beitet til opent vatn?
- Er det kraftleidningar, høgspenn over arealet?

## Ta omsyn til biologisk mangfald ved godkjenning

Område verna etter Naturmangfaldlova, og areal registrert i Naturbasen som viktige naturtypar, kan ikkje godkjennast som spreieareal. Av omsyn til tryggleiken skal heller ikkje areal under høgspenn godkjennast. Beiter som må gjødslast frå bilveg skal som hovudregel ikkje godkjennast (for å unngå trafikkfarlege situasjonar under spreieing og tilskitning av vegbanen).

I handbok for godkjenning av spreieareal på innmarksbeite, er følgjande spreieavstandar (minimumskrav) sett opp:

- 15 m frå vasskant (normal vassføring om våren) for vassdrag med årssikker vassføring
- 5 m frå kvar side av bekk og open grøft
- 5 m frå kant av veggrøft langs offentleg/privat veg
- 5 m frå kant av vassig og udrenert myrområde

## Berekning av spreieareal

På eit innmarksbeite er det gjerne uproduktivt areal (stein, tre m.m.). Kommunen skal fastsette % trekk. Produksjonen på eit innmarksbeite er mindre enn på eit fulldyrka areal. I berekninga av spreieareal skal eit innmarksbeite maks. telle 2/3 av eit fulldyrka areal.

Reknestykket blir slik:

$$\text{Godkjend spreieareal} = \frac{1 \text{ daa beite} - \text{prosentvis trekk}}{\text{Faktor } 1,5}$$

Eit dekar beite utan stein vil maksimalt telle 66,6 % av eit fulldyrka areal. I realiteten blir det mindre når det skal takast omsyn til prosent trekk og avstand til vatn,

veg m.m. Kommunen skal teikne inn arealet i kartportalen for registrering av spreieareal. Under inn-teikninga skal det bli tatt omsyn til avstand frå vatn m.m. Kommunen oppgir % trekk. I kartportalen vil dekar godkjent spreieareal bli automatisk rekna ut.

## Vedtak om godkjenning

Heimel for godkjenninga finn de i forskrift av 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 24 pkt. 1 andre ledd: Kommunen kan etter søknad godkjenne anna areal enn det som går fram av første ledd. Utmarksareal skal ikkje godkjennast som spreieareal

Vedtak om godkjenning er eit enkeltvedtak, og søkjar skal bli informert om at det er mogleg å klage.

I **handsaming av søknaden** skal det gå fram at kommunen har vurdert omsynet til biologisk mangfald og omsynet til vatn. Søkjar skal bli informert om bruttoareal, prosent trekk, omrekningsfaktor og kor mykje areal på kvar teig som er godkjent spreieareal. Det skal følgje kart med vedtaket. Kommunen bør vise til [www.temakart-rogaland.no/spreieareal](http://www.temakart-rogaland.no/spreieareal).

## Kommunen bør sette vilkår om:

- Beitet skal vere av ein slik kvalitet at det innfrir krav til innmarksbeite, jf. AR5, detaljert arealressurskart
- Minste spreieavstand frå vatn, veg, myrområde, høgspenn m.m.
- Krav at bruk av husdyrgjødsel på arealet inngår i ein gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.
- Krav om tilstrekkeleg avbeiting på området
- Eventuelt krav om tidsavgrensa godkjenning, godkjenninga fell bort viss beitet innan X år ikkje er tatt i bruk som spreieareal.

Søkjar bør få informasjon om at beitet berre tel som spreieareal når det blir brukt husdyrgjødsel der.

## Opparbeiding av nye beiter

Det kan skje at gardbrukarane ønskjer å opparbeide utmark til innmark. Kommunen kan i særlege tilfelle dispensere frå forskrift om organisk gjødsel. Arealet bør først få ei varig godkjenning som spreieareal når det held krava til innmarksbeite etter AR5.

## Juletreff

Juletreff skal ikkje godkjennast som permanent spreieareal. Sjølv om kommunen kan gi dispensasjon til å bruke husdyrgjødsel på felta, er dei ikkje å sjå på som permanente spreieareal.





## Investeringstiltak i beiteområde i 2015 *Birger Aasland*

Rogaland fekk tildelt kr 200.000,- i 2015. Midlane blei fordelte på 11 søknader/tiltak på ulike investeringsstiltak i utmark frå beitelag med samla godkjende kostnader på kr 526.767,-.

Rogaland har om lag 100.000 sau og lam med i organisert beitebruk, og etter søknader om produksjonstilskot er det om lag 280.000 sau og lam på utmarksbeite. Med organisert beitebruk gjennom beitelag får vi god utnytting av utmarksbeita og reduksjon i tap av dyr gjennom ulike samarbeidstiltak i beiteområda. Rogaland er det største sauefylket og ca. 470.000 sau og lam på beite (innmark og utmark), så det er potensiale for fleire dyr i beitelag.



## Informasjonsutveksling i dyrevelferdssaker *Sissel C. Endresen*

Fylkesmannen i Rogaland og Mattilsynet regionalt har i samarbeid utforma presiseringar til retningslinjene som Landbruksdirektoratet og Mattilsynet nasjonalt har utarbeidd. Desse presiseringane blei sendt til kommunane den 16.09.2015.

### Mattilsynet

har ansvar for å sende kopi av vedtak i saker som gjeld brot på regelverk om dyrevelferd til kommunen og Fylkesmannen. Kommunen har ansvar for å følgje opp brot på dette regelverket ved handsaming av søknader om produksjonstilskot og avløysartilskot.

### Avkorting

Det er viktig at kommunane vurderer reaksjon i tilskotet når Mattilsynet har kome til at eit føretak har brote regelverket om dyrevelferd. Den mest aktuelle reaksjonsforma er avkorting. Rettleiing om avkorting ved regelverksbrot finn du i rundskriv 2015-26, kap. 11. Vi gjer merksam på at kommunen også kan halde tilbake tilskot jf. kap. 11.3 i rundskrivet.

### Kontaktmøte

Nokre kommunar har eit godt samarbeid med Mattilsynet lokalt der dei har jamlege kontaktmøte for å drøfte aktuelle saker. Vi oppmodar kommunar utan tilsvarande samarbeid om å ta initiativ til møte med Mattilsynet lokalt. God dialog kan bidra til effektivt samarbeid for å sikre god dyrevelferd. Fylkesmannen vil følgje opp med jamlege møter med Mattilsynet på fylkesnivå, med mål om lik informasjonsutveksling og lik handsaming på tvers av kommunar.

Aktuelle dokument:

- [Brev frå SLF om rutinar for informasjonsutveksling](#)
- [Brev frå FM med presisering av rutinane](#)



## Naturskadeerstatning ved flaum *Knut Harald Dobbe*

I samband med uveret Synne vil spørsmål om naturskadeerstatning kunne melde seg. Her følgjer litt informasjon.


I Noreg har vi ein kombinasjon for dekning av tap etter naturskadar:

1. Gjennom forsikring
2. Gjennom den statlege erstatningsordninga

Avgjerande for kva av disse ordningane ei skade kan dekkast under, er om objekta som er skada kunne vore forsikra mot naturskade eller ikkje. Dersom det var anledning til å forsikre objektet mot naturskade, så har ein ikkje rett på erstatning etter den statlege ordninga. Dersom skadeobjektet ikkje kan forsikrast, må den skadelidde melde i frå om skada til lensmannen/namsfogden eller politi med sivile rettspleieoppgåver innan tre månadar etter at skada skjedde.

Sjå meir info hjå [Landbruksdirektoratet](#)





## Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. - Innstramming av dispensasjonspraksis

Maja Stanojevic

Praksisen med å gi dispensasjon til jordbruksføretak som søker tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. blir stramma kraftig inn.

Den dispensasjonspraksis som har vore, har gått utover det regelverket som tilskotsordningane tillater. Det kan ikkje gis dispensasjon som er i strid med føremålet med ein regel eller eit vilkår.

**Det kan ikkje gis dispensasjon frå avgrensinga på 365 dagar ved sjukdom.** Ved jordbrukarens sjukdom skal tilskotet stoppast når det er blitt utbetalt for til saman 365 dagar i løpet av dei tre siste åra jf. (§4). I ein slik sak må det i etterkant gå minst 26 samanhengande veker (venteperiode utan tilskot) før det på nytt kan utbetalast tilskot til sjukdomsavløyning. Det kan ikkje gis dispensasjon frå denne venteperioden.

**Det kan ikkje gis dispensasjon frå tal dagar i samband med sjukt barn, § 6, eller ved dødsfall, § 7.**


**Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet** kan i «særlege tilfelle» gi dispensasjon frå enkelte reglar. Dette dreier seg om heilt spesielle og uvanlege saker.

**Når kan det gis dispensasjon?**

- **Næringsinntekt** - gjeld berre for nye brukarar
- **Søknadsfristen** - men berre i «særlege tilfelle».

Landbruksdirektoratet har kome med ny og oppdatert versjon av rundskrivet med kommentarar til reglane i forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.; *Rundskriv 2015-43*.

Rundskrivet kan lastast ned her: [Rundskriv 2015-43](#)



*Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen ønskjer alle  
ei god jul og eit godt nytt år.*

Foto: Nono Dimby



"Synne" gav ei sjeldan høg vassføring i vassdraget i Austrumdal, Bjerkreim kommune

